



Alver kommune Plan og byggesak
Postboks 4
5906 FREKHAUG

Referanser:

Dykkar: bf0d1856-7761-4a19-be17-4efdddb83cf9

Vår: 21/5038 - 21/39670

Saksbehandlar:

Irene Wilhelmsen

irene.wilhelmsen@alver.kommune.no

Dato:

10.06.2021

Uttale - ny avkjørsle dispensasjon frå reguleringsplan gbnr 106/17 Fanebust

Vegavdelinga i Alver kommune har vurdert saka og har i tillegg vore med på synfaring på staden. Ut frå situasjonsplan over korleis veg og avkjørsle er tenkt plassert vil sjølve avkjørsla ligge heilt i kanten av det regulerte planområdet der formålet er landbruk.

Dette er ein situasjon kor omsynet til landbruk kjem i tillegg til omsynet til sikkerhet langs offentleg veg. Eksisterande veg inn til gardsbruket ligg rett etter ein sving med dårleg sikt. Den er smal og ikkje eigna for større driftskøyretøy og levering/henting av produkt til/frå gradsdrifta. Ein ny veg som skissert på situasjonskartet vil betre omsynet til både landbruk og trafikktryggleik på staden.

Regelen er at dersom det skal opprettast ei ny avkjørsle skal den eksisterande avkjørsla stengast. I dei fleste tilfelle vil det vere fornuftig då ein ynskjer færrast mogleg avkjørsler langs offentleg veg. I denne saka er problemstillinga litt anleis. Eksisterande avkjørsle er felles for fleire bustadhus og er ikkje eigna for større køyretøy. Den nye avkjørsla skal nyttast av landbruksmaskiner og transport til/frå driftsbygning. Her vil det være positivt å skille persontrafikk frå tyngre køyretøy og transport.

Det er positivt at skissert situasjonsplan har flytta sjølve avkjørsla lenger vekk frå regulert møteplass. Svingradius 9m bør aukast til 12m som er dimensjonerande radius for Lastebil. Ser dei skildrar minimum 200mm drenering under avkjørsla. Lovverket seier minimum 200mm men vegmynde anbefaler i dag å nytte 300mm for å ta høgde for auka framtidig nedbør.

Vegforvaltning i Alver kommune stiller seg positive til at denne eigeomen får 2 avkjørsler. Det bør stillast krav om at den nye avkjørsla vert forbeholdt tyngre køyretøy og adkomst til nytt driftsbygg. Det må leggjast til rette for at tyngre køyretøy kan snu på eigen grunn. Ny veg på bruket skal heller ikkje koplatt saman med eksisterande veg for å kunne nyttast som «rundkøyning» via gardstun.

Med helsing

Alver kommune

Postboks 4, 5906 Frekhaug

Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00

post@alver.kommune.no

www.alver.kommune.no

Kontonummer: 3207 29 30559

Organisasjonsnummer: 920 290 922

Alver kommune Samferdsel, veg-, vatn- avløp-
forvaltning

Arne Helgesen
Avdelingsleiar

Irene Wilhelmsen
Ingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Larissa Dahl

Mottakarar:

Alver kommune Plan og byggesak

Postboks 4

5906

FREKHAUG